



Kommunane i Møre og Romsdal

Rundskriv 4-2013 - Regionalt miljøprogram, tilskot til organisert beitebruk for 2013

Dette rundskrivet er eit supplement til rundskriva 2 og 3-2013 om regionalt miljøprogram, og tek spesielt føre seg tiltaket «Drift av beitelag» i regionalt miljøprogram for Møre og Romsdal. Det kan søkjast om tilskot til tal dyr sankta.

Søknadsfristen for beitelaga er 01.11.2013.

Fylkesmannen bed kommunen informere og hjelpe beitelaga så godt som råd er, slik at innlevering av søknader skjer med minst mogleg problem. Nye rutinar for levering av søknad og nye krav frå Einingsregisteret gjer denne omgangen ekstra utfordrande.

Kven kan søkje

Alle beitelag registrert i Einingsregisteret etter dei nye krava der kan levere søknad. Alle medlemmene i laget må også ha organisasjonsnummer i Einingsregisteret. Beitelaget må også vere registrert i Landbruksregisteret. Kommunen må derfor gå gjennom lista over beitelag og få dei nye organisasjonsnummera registrert i Landbruksregisteret i god tid før søknadsfristen.

Korleis søkje

Søknaden bør leverast via www.altinn.no. Pålogging kan skje enten via www.slf.dep.no eller direkte til www.altinn.no. Identifikasjon ved pålogging kan skje med t.d. Bank-ID, Min ID, BuyPass. Det er personen som blir identifisert, og denne si rolle i laget avgjer om personen kan levere søknad på vegne av laget.

- Leiaren i beitelaget må ha tilstrekkelege roller for å kunne levere søknad på vegne av laget. Roller for den enkelte medlem i beitelaget/styret er registrert i Einingsregisteret. Leiaren kan via menypanelet Tilgangsstyring på Altinn delegere til andre medlemmer i laget å levere søknaden. Rolla «Primærnærings og næringsmiddel» i Altinn gir tilgang til søknadsskjemaet. Laget bør i god tid sjekke om dette er på plass.
- Alle medlemmer i laget må også ha godkjent organisasjonsnummer frå Einingsregisteret. Medlemmer som manglar dette, kan gratis registrere enkeltpersonføretak via www.altinn.no. Det finst meir informasjon om dette på www.brreg.no.
- Det er ikkje utarbeidd eit eige søknadsskjema på papir.

- På nettsida til SLF er det publisert ei rettleiing i korleis altinnskjemaet skal fyllast ut. Vegvisaren fører søkjaren gjennom desse hovudpunkta:
 - grunnopplysningar om laget
 - medlemmer, (orgnr, namn, aktiv, kommune, beiteområde (nedtrekksliste))
 - eventuelle endringar i beiteområde
 - tilsyn, beiteslepp og sanking
 - tal dyr slept og sankt
 - melding frå laget (det kan vere smart å skrive ned denne på førehand, slik at den kan limast inn i skjemaet. Melding frå laget kan også lastast opp som vedlegg)
 - samandrag
 - kontroll
 - innsending
- Søknaden skal leverast til den kommunen der leiaren har adresse. Dette blir oppgitt under grunnopplysningar.
- Når søknaden er kontrollert og sendt, blir det gitt kvittering for at den er levert. Frå denne sida kan søkjaren skrive ut søknaden (PDF) og eventuelt sende kopi av kvitteringa til ei oppgitt epostadresse.

Kommunen får alle søknader frå beitelag inn i eStil på same måten som andre søknader om tilskot gjennom regionalt miljøprogram. Der kan kommunen m.a. liste ut søknader som er til behandling, under behandling, osv. Kommunen kan også bruke søknadslista til å trekke ut lag for kontroll. Dersom søknaden som skal kontrollerast allereie er godkjend, må den settast tilbake til «under behandling», før den kan merkast for Stedlig kontroll.

På www.fylkesmannen.no/mr og hos www.slf.dep.no finst det meir informasjon om organisert beitebruk.

Frist for ferdigbehandling av RMP søknadane

Søknadane må vere ferdig behandla av kommunen innan måndag 16. desember.

Med helsing

Ottar Longva (e.f.)
Fylkesjordsjef

Arnold Hoddevik

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

kopi:

Statens landbruksforvaltning	Postboks 8140 Dep.	0033	OSLO
Møre og Romsdal Bondelag	Postboks 2047	6402	MOLDE
Møre og Romsdal Bonde- og småbrukarlag	v/Øystein Ormbostad	6590	TUSTNA